

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
87/2014	Formannskap	13.10.2014
63/2014	Kommunestyret	16.10.2014

Uttale til høring av forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune vurderar foreslåtte presiseringar av regelverk, m.a. justering av såkalla driftsfellesskapsbestemmelsen, krav om kalvingsintervall og kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» som hensiktsmessige. Lom kommune vil likevel framheve fylgjande punkt som vil kunne slå ut mot sin hensikt/vil kunne ha negative konsekvensar for jordbruksforetak, matproduksjon og pleie av kulturlandskap i Lom kommune:

- Dersom avløysartilskot kan lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen på å forskottere utgiftene til avløysing og sjukdomsavløysing. Dette kan i verste fall føre til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan føre til dyretragediar.
- Definisjonen av bevaringsverdig rase bør skje med fagleg grunnlag (Genressurscenter) og bør ligge fast i forskrifta slik at den er langsiktig og forutsigbart.
- Dagens ordning med muligheit for dispensasjon for beiting med dyr frå samdriften er betre tilpassa faktiske forhold der grunneigaren har tilsyn med dyra og vanlegvis ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal.
- Miljøparagrafen 8 er eit viktig virkemiddel for å forebygge og fylgje opp fjerning av kulturminne som kan vera viktige i kulturlandskapet både lokalt og nasjonalt, og bør oppretthaldast på lik linje som kravet om gjødselsplan og sprøytejournal.
- Forslag som ligg inne ang. avkorting og regelverksbrudd vil i mange tilfelle vera uforholdsmessige. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Saksprotokoll i Formannskap - 13.10.2014

Forslag frå formannskapet:

Lom kommune vurderar foreslåtte presiseringar av regelverk, m.a. justering av såkalla driftsfellesskapsbestemmelsen, krav om kalvingsintervall og kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» som hensiktsmessige. Lom kommune vil likevel framheve fylgjande

punkt som vil kunne slå ut mot sin hensikt/vil kunne ha negative konsekvensar for jordbruksforetak, matproduksjon og pleie av kulturlandskap i Lom kommune:

- Dersom avløysartilskot ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil dette medføre at avløysarlaga ikkje lenger kan ta risikoen på å forskottere utgiftene til avløysing og sjukdomsavløysing. Dette kan i verste fall før til at ein brukar som vert sjuk ikkje har råd til å skaffe seg avløysar under sjukdomsperioden, som igjen kan føre til dyretragediar.
- Definisjonen av bevaringsverdig rase bør skje med fagleg grunnlag (Genressurssenter) og bør ligge fast i forskrifta slik at den er langsiktig og forutsigbart.
- Dagens ordning med mulighet for dispensasjon for beiting med dyr frå samdriften er betre tilpassa faktiske forhold der grunneigaren har tilsyn med dyra og vanlegvis ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal.
- Miljøparagrafen 8 er eit viktig virkemiddel for å forebygge og fylgje opp fjerning av kulturminne som kan vera viktige i kulturlandskapet både lokalt og nasjonalt, og bør oppretthaldast på lik linje som kravet om gjødselsplan og sprøytejournal.
- Forslag som ligg inne ang. avkorting og regelverksbrudd vil i mange tilfelle vera uforholdsmessige. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Samrøystes.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.10.2014

Behandling

Forslag frå ordførar :

Som forslaget frå formannskapet med nytt kulepunkt 1:

- Dersom tilskot til ferie/fritid- og sjukdomsavløysing ikkje lenger kan utbetalast direkte til avløysarlaga, vil avløysarlaga bli tvinga til å skaffe hjelp berre til brukarar som ein veit greier å betala lønnsutgiftene avløysarlaga har forskotert. Når brukar er sjuk og ikkje får hjelp, kan det føra til eit dårlegare dyrestell. I neste omgang kan dette enda opp i ei dyretragedie. Men avløysarlaga administrerer landbruksvikarordninga og har ikkje lovleg grunn til å nekte brukarar hjelp med bakgrunn i bruket sin økonomi. For å fri seg frå ansvaret ei slik dyretragedie fører med seg, kan det for avløysarlaga vera naudsynt å avvikle landbruksvikarordninga. Dette vil få store fylgjer for landbruket sitt mål om god dyrehelse og dyrevelferd.

Forslag frå Jarmund Øyen:

Lom kommune sluttar seg i hovudsak i det som er lagt fram, inkl. det nye punktet. Ordførar blir beden om å invitere dei andre kommunane i regionen til å samordne seg om felles uttale i saka.

Vedtak

Lom kommune vurderar foreslåtte presiseringar av regelverk, m.a. justering av såkalla driftsfellesskapsbestemmelsen, krav om kalvingsintervall og kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» som hensiktsmessige. Lom kommune vil likevel framheve fylgjande punkt som vil kunne slå ut mot sin hensikt/vil kunne ha negative konsekvensar for jordbruksforetak, matproduksjon og pleie av kulturlandskap i Lom kommune:

- Dersom tilskot til ferie/fritid- og sjukdomsavløyning ikkje lenger kan utbetalast direkte til avløyarlaga, vil avløyarlaga bli tvunga til å skaffe hjelp berre til brukarar som ein veit greier å betala lønnsutgiftene avløyarlaga har forskotert. Når brukar er sjuk og ikkje får hjelp, kan det føra til eit dårlegare dyrestell. I neste omgang kan dette enda opp i ei dyretragedie. Men avløyarlaga administrerer landbruksvikarordninga og har ikkje lovleg grunn til å nekte brukarar hjelp med bakgrunn i bruket sin økonomi. For å fri seg frå ansvaret ei slik dyretragedie fører med seg, kan det for avløyarlaga vera naudsynt å avvike landbruksvikarordninga. Dette vil få store fylgjer for landbruket sitt mål om god dyrehelse og dyrevelferd.
- Definisjonen av bevaringsverdig rase bør skje med fagleg grunnlag (Genressurscenter) og bør ligge fast i forskrifta slik at den er langsiktig og forutsigbart.
- Dagens ordning med mulighet for dispensasjon for beiting med dyr frå samdriften er betre tilpassa faktiske forhold der grunneigaren har tilsyn med dyra og vanlegvis ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal.
- Miljøparagrafen 8 er eit viktig virkemiddel for å forebygge og fylgje opp fjerning av kulturminne som kan vera viktige i kulturlandskapet både lokalt og nasjonalt, og bør oppretthaldast på lik linje som kravet om gjødselsplan og sprøytejournal.
- Forslag som ligg inne ang. avkorting og regelverksbrudd vil i mange tilfelle vera uforholdsmessige. Dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar bør vidareførast.

Lom kommune sluttar seg i hovudsak i det som er lagt fram, inkl. det nye punktet. Ordførar blir beden om å invitere dei andre kommunane i regionen til å samordne seg om felles uttale i saka.

Samrøystes.

Saksutgreiing

Landbruks- og matdepartement har sendt forslaget til ny forskrift om produksjonstilskot og avløyning i jordbruket på høyring, med frist for høyringsuttale 20. oktober 2014. Ny forskrift skal tre i kraft 1. januar 2015.

Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket inneheld grunnleggande vilkår for å motta tilskot for den produksjonen som skjer i regi av det enkelte jordbruksforetak. Vilkåra er sentrale i norsk landbrukspolitik. Dagens forskrift for produksjonstilskot har vore gjeldande i 12 år, og regjeringa varsla Stortinget under jordbruksoppgjøret 2014 at departementet ynskjer ei større revisjon av forskrifta. Dei viktigaste områda som vart lagt fram for Stortinget i samband med Prop. 106 S er:

- *Avvikling av særbestemmelsene for samdrifter*
- *Opphevingen av formelle felles eierinteresser som selvstendig grunnlag for å kunne avskjære tilskudd*
- *Oppheving av kravet om at foretaket må være merverdiavgiftsregistrert eller ha hatt en avgiftspliktig omsetning på minimum 20 000 kroner året før søknadstidspunktet*
- *Endrede produksjonskrav for foretak med amme- eller melkekyr*
- *Endring av vilkårene for tilskudd til avløsning ved ferie og fritid*

Utgangspunkt for jordbruksavtala og forskrift for produksjonstilskot er at vilkåra for tilskot i størst mogleg grad skal vera regulert i forskrifta, mens dei meir detaljerte reglane for berekning av tilskot skal vera regulert i jordbruksavtala.

Vurdering

Med grunnlag i søknadsomganger i januar og august 2013 er det i Lom utbetalt totalt 38.442.595 kr til 142 søkjarar dvs. i gjennomsnitt 270.723 kr per jordbruksforetak i Lom. Etter søknad 01.01.2013 mottok i Lom 123 jordbruksforetak produksjonstilskot for husdyr, derav 79 med mjølkeproduksjon på ku og geit («henteplassar») og 7 med kjøttfeproduksjon. Pr. 31.07.2013 søkte 140 jordbruksforetak i Lom om arealtilskot for grovfôr, 3 søkte om arealtilskot for korn, 6 søkte om arealtilskot for potet og 1 søkte om arealtilskot for grønsaker. To foretak søkte om tilskot for økologisk husdyrhold og økologisk drift av areal. 8 foretak søkte om tilskot til bevaringsverdige storferasar. 123 foretak mottok tilskot for dyr på beite, derav 114 foretak også til dyr på utmarksbeite. Det er utbetalt 6.344.061 kr i avløysartilskot til 128 søkjarar i Lom.

Endringar som er foreslått er delvis ei presisering av regelverk som framleis vil ha same formål som tidigare, delvis ei endring av krav/vilkår for å motta produksjonstilskot.

Administrasjonssjefen vurderar foreslåtte presiseringar av regelverk, m.a. justering av såkalla driftsfellesskapsbestemmelsen, krav om kalvingsintervall og kravet om «vanleg jordbruksproduksjon» som hensiktsmessige. Administrasjonssjefen vil likevel her framheve fleire punkt som vil kunne slå ut mot sin hensikt/vil kunne ha negative konsekvensar for jordbruksforetak, matproduksjon og pleie av kulturlandskap i Lom kommune:

- Forslaget om at avløysartilskot ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag vil føre til at avløysarlag misser «garantien» for at utlegg for avløyning ved t.d. akutt sjukdom vil koma inn att til avløysarlaget. Avløysartilskot kan pr i dag ikkje brukast til dekning av skyldige offentlege forpliktelser (kan ikkje overdas til eige eller pant). Dette er eit viktig virkemiddel som gjer at ein gardbrukar i sykdomssituasjon kan få avløyning «uavhengig» av likviditet. Dersom avløysartilskot ikkje lenger kan utbetalast til avløysarlag (etter dagens regelverk velger søkjaren om avløysartilskot vert utbetalt til søkjaren eller avløysarlaget) vil dette medføre stor usikkerhet rundt landbruksvikarordning i mange kommunar og vil kunne gå utover dyrevelferd. Administrasjonssjefen ynskjer ikkje denne endringa i regelverket som sett ei vel fungerande ordning for avløyning, sjukdomsavløyning og dyrevelferd i fare.
- I ny forskrift skal definisjonen av bevaringsverdige storferaser overlatast til jordbruksavtalen som pr i dag vert forhandla årleg. Administrasjonssjefen meiner at definisjonen av bevaringsverdig rase bør skje med fagleg grunnlag (Genressurssenter) og bør ligge fast i forskrifta slik at den er langsiktig og forutsigbart. Gamle norske storferasar har svært få eller få individer, og bevaring av dei treng langsiktig avl og drift med disse dyra. Å legge denne vurderinga i jordbruksavtalen er heller ikkje i tråd med prinsippet om at vilkår i størst mulig grad skal ligge i forskrifta mens detaljerte regler og utmåling av tilskot er del av avtala.
- Ifg. ny forskrift skal samdrifter leige beiteareal, og medlemmar i samdrift kan ikkje lengre få dispensasjon for å bruke beitedyra til samdriften på beiteareal dei sjølv søker arealtilskot for. Administrasjonssjefen meiner at dagens ordning med mulighet for dispensasjon er betre tilpassa faktiske forhold der grunneigaren som bur på garden har tilsyn med dyra som går i nærheita. Ofte har han/ho også ansvar og interesse for vedlikehald av gjerde og beiteareal generelt. Administrasjonssjefen meiner difor at eigaren bør kunne søkje om arealtilskot og dispensasjon for beiting med dyr frå

samdriften. Departementet foreslår vidareføring av dispensasjon for beiting med hest, på lik linje meiner administrasjonssjefen at det er rett å gi dispensasjon for beite med dyr frå samdriften.

- Når det gjeld miljøkrav meiner administrasjonssjefen at det er svært viktig å opprettholde miljøparagrafen frå eksiterande forskrift særleg av omsyn til kulturminne. Fyrste ledd viser formålet til miljøparagrafen som seier at *«Med mindre kommunen samtykker, kan foretak som mottar produksjonstilskudd ikke foreta inngrep som er av betydning for kulturlandskapet. Som inngrep regnes ikke tiltak som må sees på som normal skjøtsel av eiendommen.»* Paragrafen er eit viktig virkemiddel for å forebygge og fylgje opp fjerning av kulturminne som kan vera viktige i kulturlandskapet både lokalt og nasjonalt. Avvikling av forskrift om miljøplan er antakenligvis mindre problematisk. Administrasjonssjefen meiner likevel at eit *«Kart over jordbruksarealene foretaket til enhver tid disponerer, samt andre arealer som foretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påvirket av jordbruksdriften. Kulturminner, områder som er viktige for biologisk mangfold, arealer med risiko for tap av jord og næringsstoffer og andre forhold av miljømessig betydning, skal være kartfestet og beskrevet.»* er eit godt reiskap for bevisstgjøring av kulturminne, særleg med tanke på leieareal som dei fleste har mykje av. Krav om kart over kulturminne m.m. kan på ein enkel måte innlemnast i ny forskrift på same måte som krav om gjødselsplan og sprøytejournal.
- Forslag som ligg inne i ny forskrift om produksjonstilskot ang. avkorting og regelverksbrudd vil i mange tilfelle vera uforholdsmessige. Administrasjonssjefen foreslår at dagens «kan»-regel for avkorting ved feilopplysningar vidareførast.